



## SAMARBEIDSAVTALE om Program for folkehelsearbeid i kommunane

### 1.0 Bakgrunn og føremål

#### 1.1 Avtalepartar

Kvinnherad kommune (heretter kommunen).

og

Hordaland fylkeskommune (heretter fylkeskommunen)

Avtalen gjeld deltaking Program for folkehelsearbeid i kommunane i Hordaland «*Saman for betre trivsel og livskvalitet for alle barn og unge*».

#### 1.2 Forankring og fundament for samarbeid

Samarbeidet i denne avtalen har bakgrunn i følgjande:

- Tilskotsordninga til Helsedirektoratet til Program for folkehelsearbeid i kommunane, med tilhøyrande regelverk og med bakgrunn i statsbudsjettet for 2018, kap.714, post 60.
- Søknad frå Hordaland fylkeskommune om å delta som programfylke i 2018, med opptaksbrev i ordninga frå Helsedirektoratet.
- Kvinnherad kommune sin søknad om å bli programkommune med skisse til kommunen sitt programarbeid.

Kommunar og tiltak under tilskotsordninga i Hordaland er valde ut etter råd frå Regionalt samarbeidsorgan for folkehelsearbeid i Hordaland. Samarbeidet er knytt opp til utvikling og utprøving av metodar og tiltak i kommunane, innanfor områda psykisk helse og livskvalitet og rusførebyggjande arbeid i tråd med retningslinjene for tilskotsordninga.

### 2.0 Føremål

Målet med tilskotsordninga er å styrke kommunane sitt arbeid med å fremje befolkninga si helse og livskvalitet. Programmet skal fremje lokalt rusførebyggjande arbeid og bidra til å integrere psykisk helse som ein likeverdig del av det lokale folkehelsearbeidet. Arbeidet skal ha ein helsefremjande innretting. Barn og unge skal vere ei prioritert målgruppe.

Tilskotsordninga skal bidra til:

- utvikling av kunnskapsbaserte lokale tiltak, arbeidsmåtar og verkty for å fremje barn og unge sin livskvalitet og psykiske helse og det rusførebyggjande arbeidet i kommunane.
- å integrere psykisk helse for barn og unge som ein likeverdig del av det lokale folkehelsearbeidet.
- samarbeid mellom aktørar innan blant anna skule og barnehage, fritidssektor, helsetenesta, politiet og frivillig sektor.

**Overordna mål for programarbeidet i Hordaland:** Gjennom inkluderande og helsefremjande samfunn skal barn og unge oppleve betre trivsel, livskvalitet og psykisk helse.

**Mål for arbeidet i Hordaland:**

- Utvikling av kunnskapsbaserte lokale tiltak, arbeidsmåtar og verkty retta mot barn og unge.
- Innsats for psykisk helse og rusførebygging skal vere breitt forankra og integrert i kommunane, og gjort synleg gjennom regionale og kommunale dokument/planar.
- Kommunane får auka kunnskap og kompetanse om faktorar som fremjer god trivsel, livskvalitet og psykisk helse for barn og unge.
- Kommunane får auka kompetanse om helsefremjande arbeidsmetodar og tiltaksutvikling.
- Auka innsats for å involvere barn og unge i planlegging, utvikling og gjennomføring av tiltak.
- Auka medverknad frå befolkninga, og samarbeid mellom relevante aktørar i kommunen.
- Auka samskaping mellom kommunane, næringslivet og frivilligheita.

- Auka samarbeid mellom kommunane, kunnskaps- og forskingsmiljøa og fylkeskommunen.
- Erfaringar og kunnskap knytt til programmet skal delast internt i kommunen, og ut mot andre kommunar og aktuelle partar.

*Gjennom desse måla skal barn og unge oppleve:*

- høg trivsel og livskvalitet, og god psykisk helse
- reduserte helseforskjellar
- vere inkludert i lokalsamfunn og nærmiljø

Det samla arbeidet i Hordaland skal støtte opp under måla sett for arbeidet i fylket, og som bygger på dei nasjonale forventingane/måla. Kommunane kan med grunnlag i overordna mål/delmål utvikle lokale innsatsområder og målområder.

### 3.0 Strategiar og forventa resultat

#### Strategiar

- Bygge opp under deltakarkommunane som premissleverandørar for utviklingsarbeidet i eiga kommune.
- Auka samhandling gjennom gode samarbeidsfora og arenaer for utviklingsarbeidet mellom deltakande kommunar, deltakande FOU-miljø og fylkeskommunen.
- Arbeide på tvers av sektorane i fylkeskommunen og kommunane, og auke samhandlinga med FoU-miljø.
- Vidareutvikle samarbeid mellom kommunar, fylkeskommunen, kunnskaps- og forskingsmiljø og frivillig sektor – bruke erfaringar frå andre folkehelseprosjekt.
- Dele erfaringar og bidra til kunnskapsbygging primært i deltakarkommunane, men også i andre kommunar i fylket og ut mot andre relevante samarbeidspartar.

Forventa resultat er i tråd med forventningar gjeve av Helsedirektoratet til prosjektet og måla sett for arbeidet i fylket.

*Kriterier for måloppnåing sett frå Helsedirektoratet.*

- Det skal vere etablert samarbeid med FoU-miljøa som deltek i Hordaland om helsefremjande tiltak i kommunane.
- Det skal vere gjennomført kvalitativ gode evalueringar om helsefremjande tiltak i kommunane.
- Det skal vere utvikla ny kunnskap og tiltak for å fremje helsa til befolkninga.

### 4.0 Roller og plikter

Gjennomføringa av programarbeidet i fylkeskommune og kommunar skal basere seg på oppgåver og ansvarsområde skildra under. Følgande gjeld både Hordaland fylkeskommune og programkommunane.

#### Fagleg innretting:

Partane skal innrette programarbeidet slik det er skildra i søknaden til Helsedirektoratet med særleg vekt på:

- Helsefremjande og førebyggjande inngang til arbeidet med psykisk helse og trivsel.
- Gjennomgåande arbeid med reell medverknad.
- Legge til rette for evaluering, og forskning om det er mulig.

#### Delta i samarbeid:

Gjennom søknaden om å delta i programmet og gjennom denne avtalen uttrykkjer partane ei tydeleg forplikting til å delta i felles systematisk og forpliktande samarbeid om for programarbeidet i Hordaland.

- Delta i faggruppe/nettverk for programarbeidet i Hordaland.
- Delta i aktivitetane og samarbeidet som vert lagt til programmet.
- Rapportere i tråd med regelverket, jf. eige punkt.

#### Følgande gjeld Hordaland fylke som programfylke:

Hordaland fylkeskommune er programansvarleg og samordnar programarbeidet regionalt.

Fylkeskommunen har det overordna ansvaret for å drive arbeidet framover, og har det økonomiske og administrative ansvaret, slik det er fastsett i Regelverket for tilskotsordninga. Dette omfattar mellom anna:

- Ta imot og utbetale tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet i tråd med tildelingsbrev frå Helsedirektoratet, fylkeskommunen sitt regelverk og tilsegnsbrev.
- Rapportere til Helsedirektoratet i tråd med regelverket.
- Forankre arbeidet i Samarbeidsorganet for folkehelse og fylkespolitiske organ.
- Legge til rette for arbeidet i faggruppe/ressursgruppe er i tråd med intensjonar og framdriftsplan for programmet. Bidra til system for kunnskapsformidling for å få fram gode døme og overføre erfaring og kunnskap til andre kommunar og relevante samarbeidspartar i samarbeid med deltakarkommunane
- Utnemne ein programansvarleg som er kontaktperson for kommunane og Helsedirektoratet.
- Etablere samhandling/samarbeid med FoU-miljø.

#### Kommunane som programkommune:

Programkommunen forpliktar seg til å gjennomføre utviklingsarbeidet i eigen kommune i tråd med denne avtalen. Dette omfattar mellom anna:

- Ta imot og disponere tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet i tråd med tildelingsbrev frå Helsedirektoratet, fylkeskommunen sitt regelverk og tilsegnsbrev frå Hordaland fylkeskommune.
- Rapportere til Hordaland fylkeskommune i tråd med regelverket, jf. eige punkt.
- Forankre arbeidet i eigen organisasjon, inkludert politiske organ.
- Organisere arbeidet tverrsektorielt og med forankring i eiga leiing
- Gjennom samarbeid i ressursgruppe/nettverk, og med utgangspunkt i innsendt programsøknad, lage ein prosjektplan med tiltak som omfattar evaluering/ev forskning, organisering, framdriftsplan og endeleg budsjett. Prosjektplan skal vere ferdig innan 28 11 18.
- Delta i og bidra til kompetansehevingstiltak/samlingar lokalt og regionalt.
- Bidra til rapportering/erfaringsdeling av lokale prosjekt.
- Utnemne ein programansvarleg i kommunen som til ein kvar tid er kontaktperson for fylkeskommunen.

#### **5.0 Rapportering og rekneskapsreglar**

Kommunane og fylkeskommunen forpliktar seg til å levere rekneskap for prosjektet årleg i tråd med retningslinjer gjevne av Helsedirektoratet. Kommunen rapporterer til fylkeskommunen årleg. Fylkeskommunen lagar ei samla rapportering til Helsedirektoratet. Rapporteringa skal omfatte både rapportering på måloppnåing (fagleg del) og rekneskapsrapportering. Rapporteringstidspunkt for kommunane til Hordaland fylkeskommune er førebels sett til 01 03 årleg. Hordaland fylkeskommune gjev melding om endring om datoen vert endra.

Både Hordaland fylkeskommune og kommunen forpliktar seg til å levere rekneskap for prosjektet, for tilskot og eigenfinansiering, med prosjektkode pr. prosjektår. Rekneskapet skal vise kva for utgifter som er dekkja av tilskotet og eigenfinansieringa. Rekneskapen skal kunne samanliknast med budsjett, og må vere godkjend av revisor og attestert. Rapporteringmalen inneheld ferdig definerte utgiftskategoriar som rekneskapstalla skal førast inn i. I tillegg skal det leggjast ved rekneskapsutskrift direkte frå økonomisystemet som viser kva for arts konti utgiftene er fordelt på. Utskrifta kan vise utgifter aggregert per art, og må ikkje vise dei einskilde bilaga.

#### *Revisorkontroll*

Rekneskapet skal reviderast av registrert revisor, statsautorisert revisor eller oppdragsansvarleg kommunerevisor (jf. § 11 i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar) i samsvar med Den norske revisorforeining sin standard ISA 805 «*Særlege hensyn ved revisjon av enkelståande rekneskapsoppstillingar og spesifikke elementer, kontoer eller poster i en regnskapsoppstilling*». Tilskotsmottakar må gje revisor kopi av dette brevet før revisorkontroll.

Nærare om krav til revisorkontroll og standardvilkår i tilskotsbrev frå Helsedirektoratet. Her heiter det mellom anna: «Helsedirektoratet forbeholder seg retten til å kontrollere at tilskotet brukes etter forutsetningane, og skal ha adgang til å undersøke alle dokumenter og steder som vi måtte kreve, hos tilskotsmottaker og deres samarbeidspartnere, jf. Bevilgingsreglementet § 10.2. Har Helsedirektoratet delegert ansvaret for tilskuddsforvaltningen til andre, tar vi også forbehold om deres rett til kontroll. Riksrevisjonen har adgang til å kontrollere om tilskuddet brukes etter forutsetningene, hjemlet i lov om Riksrevisjonen § 12,2.ledd.»

«Utgifter til reise-, kost – og nattillegg må ikke overstige satsene i Statens reiseregulativ, jf. Statens personalhåndbok.»

#### 6. 0 Tilskot og bortfall av tilskot

Hordaland fylkeskommune tildelar årlege tilskot til kommunane i tråd med retningslinjer gjeve av Helsedirektoratet, regelverket for ordninga og krav i tilskotsbrev. Tilskotet skal nyttast til utgifter som rettar seg mot måla og nyttast i samsvar med budsjett og tiltak som er skildra i søknaden. Tilskotet kan ikkje omdisponerast til andre føremål utan skriftleg godkjenning frå Helsedirektoratet. Det er rom for mindre justeringar i samband med utvikling av prosjektet.


Dersom ikkje tilskotmottakar har oppfylt krava etter Regelverket for tilskotsordninga eller tilskotsbrevet fell tilskotet bort.

#### 7. 0 Om avtalen og høve til endring


Denne avtalen er for alle programkommunar i Hordaland. Avtalen kan endrast dersom alle kommunane og Hordaland fylkeskommune er einige om det.

Underskrift

Bergen/Kvinnherad den 21.08.18

  
Rådmann Kvinnherad kommune



  
Direktør for regional utvikling HFK Bård Sandal



Avtalen er undertekna i to eksemplar. Eit til kommunen og eit til fylkeskommunen